



Henning Wilhelmsen  
Røysetvegen 92  
5919 Frekhaug

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/8904 - 22/95832

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
16.12.2022

## **Godkjenning av forpaktingskontrakt - gbnr 313/1 Røyset og 314/6 Erstad**

**Administrativt vedtak: Saknr: 1442/22**

### **VEDTAK:**

**Alver kommune godkjenner pakte avtale på gbnr 313/1 og gbnr 314/6 på Røyset/Erstad, slik den ligg føre.**

**Det vert samstundes gjeve samtykke til at skjønn ikkje treng haldast av kommunen, men sett som vilkår at partane sjølv heldt skjønn innan utgangen av april 2023. Kommunen ber om å få tilsendt dokumentasjon frå skjønnet.**

**Vedtaket har heimel i forpaktingslova §§ 4 og 11.**

**Grunngjevinga går fram av saksutgreiing**

### **Saka gjeld**


Rene Erstad har inngått avtale med Henning Wilhelmsen om å forpakta gbnr 313/1 og 314/6 i Alver kommune. Forpaktinga gjeld i 7 år frå 01.01.2023 til 1.1.2030. Avtalen kan tinglysast.

Føremålet med forpaktinga er husdyrdrift med mjølkeproduksjon på eigedomen.

Forpaktinga omfattar heile jordbruksarealet på eigedomen, driftsbygning, gjødsellager, silo og reiskapshus på Erstad, samt pumpehus for vatn. Lausøyre i bygning er med i avtalen. Det er avtalt at forpaktar har ansvar for vedlikehald medan eigar har ansvar for utskifting av t.d. dørar, vindauge m.m. Forpaktar skal betala kr. 36 000 i årleg forpaktingsavgift. Gardshus skal ikkje disponerast av forpaktar.

Det skal lagast eigen avtale om leige av traktor og utstyr og buskap. Partane vil sjølv halda skjønn i løpet av første kvartal 2023, og dokumentera tilstand til jordmed bilete. Areal og bygningar skal leverast attende i tilsvarande stand som ved avtaleinngåelse.

Forpaktar har rett til å foreta påkostningar på eigedomen, men då skal det gjerast separate avtalar om dette.



Arealfordeling		Arealfordeling på teignivå			
Matrikelnummer	Antall teiger	Fulldyrka jord	Overflatedyrka jord	Innmarksbeite	
☐ 4631-313/1 Areal i dekar					
4631-313/1	5	4,2	11,1	20,3	
4631-314/6	1	9,3	22,1	22,2	
Sum	6	13,5	33,2	42,5	

Arealopplysningar og kart over eigedomen.

### VURDERING:

I følge forpaktingslova §4 skal forpaktingsavtalen leggjast fram for kommunen, som skal undersøka at avtalen ikkje er i strid med lova.

Avtalen er skriftleg slik som er eit krav i § 3 og inneheld spesifisert arealoppgåve med rettar og pliktar som er omfatta av avtalen. Det er fastsett årleg forpaktingsavgift og forpaktningstida er avtalt til 7 år.

Det er i pakteavtalen gjort avtalar om utbetringar og kven som skal kosta

desse. Kommunen kan samtykke i at skjønn ikkje blir halde når det finst fullnøyande opplysningar om den tilstand eigedomen er i jf. § 11 i forpaktingslova. Det er i denne saka berre gjort avtale om forpaktning av jordvegen og driftsbygning og kommunen samtykker til at det ikkje vert halde skjønn, slik forpaktingslova §11 krev.

Det vert likevel anbefalt at partane gjer ein grundig jobb med å dokumentera tilstand på jord og bygningar før tiltreding og fråtreding. Dette vil vera eit vilkår for godkjenninga-

Me minner om forpaktingslova sine reglar om at forpaktaren skal i driva jorda på ein jordbruksmessig forsvarleg måte ut frå ei kvar tid gjeldande lovar og reglar, jf. forpaktingslova §16.

I avtalen inngår at forpaktar skal overta leigejord som Henning Wilhelmsen i dag disponerer. Dette er privatrettslege avtalar, men forpaktar må sjølv ta kontakt med dei enkelte grunneigarar om dette. Det vert rådd til at avtalar om leigejord vert gjort skriftleg.

Avtalen byggjer elles på forpaktingslova sine reglar, og kommunedirektøren har ingen merknader til avtalen.

### **Regelverk**

Forpaktingslova

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/8904»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Siril Sylta  
Tenesteleiar

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Henning Wilhelmsen

Røysetvegen 92

5919

Frækhaug

**Mottakarar:**  
Rene Erstad

Vestbygdvegen 314 5919 Frekhaug